

Bokråd

Ikkje skriv, les!

TEKST: KRISTIN TORMODSDATTER HYLLAND FOTO: SHANE COLVIN

Frankenstein eller den moderne Prometeus ble omsatt på nytt til nynorsk av Øystein Vidnes i 2016. Mary Shelley skreiv boka da ho var 19 år i 1818, og boka er ein sann roman av si tid. Shelley ei nesten uhyggeleg evne til å fortelje om eigen samtid og framtida, der nye konflikter oppstår i lys av den raske industrialiseringa og utviklinga av vitskapen.

Boka er ein fryd! Sjølv om komposisjonen til Shelley er noko krevjande, klarar Vidnes å føre eit enkelt språk som likevel ikkje gjer skam på forfatteren. Dei tidvis groteske skildringane gjer seg godt i Vidnes' penn, og vil også egne seg mellom anna til høgtlesing.

Dette er ei utradisjonell bokmelding der eg i stor grad skriv om mykje som ikkje handlar om sjølve boka, men eg lovar at eg har eit poeng. Eg vil med denne bokmeldinga kome med eit forslag til norsk lærarar i alle aldre, med ulikt antall studiepoeng i nordiske fag og med ymse forhold til nynorskundervisninga slik ho fungerer i dag:

Ikkje skriv, les!

Nei, seier du kanskje, det går no berre ikkje. Elevane skal enn så lenge ha tre norsk karakterar når dei går ut av både ungdomsskolen og vidaregåande, og da må elevane skrive. Derfor er ikkje meininga mi med dette innlegget så unyansert heller.

Sjølv er eg glad i nynorsk, og eg ser verdien av å lære to målformar. Samtidig må eg erkjenne at eg er eit produkt av oppveksten min, der eg hadde stor tilgang på bøker. Opplæringa vi legger til grunn i skolen, må ikkje berre vere tilpassa dei som har mykje bøker heime.

Eit anna problem for nynorskundervisninga i skolen, er at

mange lærarar ikkje kan nynorsk godt nok. Da meiner eg ikkje at ein må slå opp ord i ordboka no og da, men at ein rett og slett ikkje har hatt nok kapasitet til å sjølv bli glad i målforma. Mange lærarar i skolen i dag har sjølv hatt nynorskundervisning der grammatikk har teke stor plass. Eg vedgår at dette er kan vere viktig, men det er også viktig at vi innser at vi lev i ei tid der elevane lastar ned programvare som omsetter tekstane deira uten at det lar seg oppdage så lett. I tillegg er det mange som har skrive om at plassen vi let grammatikken ta i språkundervisning kanskje ville vere betre brukt til noko anna.

Forlaget Skald lanserte for nokre år sidan bokserien «Nynorske klassikarar». Formålet med denne bokserien er å på nytt omsetje litterære kjempar til nynorsk. Ikkje berre er bøkene frå bokserien særskilte vakre, men språket er også godt. Eg trur oppriktig at høgtlesing av kortare og lengre tekstar bør vere sentralt i norskfaget, på alle trinn. Det er store skilnader i kor mykje elevane har blitt lest for og kor mykje dei sjølv les på fritida. Dette er også eit klasse spørsmål i tillegg til rein norskopplæring. Kven har tilgang på bøker? Viss ein ikkje er vand med å lese, vil ein ikkje plutselig vakne ein dag som lesehest.

Frankenstein, anten ved tekstutdrag eller filmatiseringar, er mykje brukt i vidaregåande skole, fordi elevane likar sjangeren. Det har vore laga utallege skrekk- og science fiction-filmar der målgruppa er ungdom, og Frankenstein er ein roman som fortsatt er verd å lese. Sjølv om han er eit ypperleg døme på ein roman frå romantikken, er han ikkje keisam eller vanskeleg å lese.

Vidnes' omsetjing er særskilte god. Eg likar spesielt korleis han har klart å kombinere Shelleys penn med eit levande nynorsk språk. Denne utgåva av Frankenstein er ein gylden moglegheit til å lese fleire nynorske tekstar i skolen.

“Eg trur oppriktig at høgtlesing av kortare og lengre tekstar bør vere sentralt i norskfaget, på alle trinn.”

